

ÅRSMELDING HAVREFJELL TURLAG 2021



Fellestur til Allambergknatten i Nissedal 29. august 2021. Foto Tove Urfjell

Store dugnadsånd på alle felt har også i 2021 ført til mange deltakere på både organiserte og uorganiserte turer. Havrefjell Turlag blir lagt merke til, og får ros fra mange.

På tross av ennå eit år med korona, har vi nesten dobla deltakarane på arrangementa våre frå året før. Vi har bygd ferdig ny gapahuk ved Kleivvann. Planlegging av den første DNT-hytta i vårt område er starta opp i Randvik i Risør. Løypene våre i Nissedal, Gjerstad og Risør er blitt godt vedlikehalde og nye løypeprosjekt er i oppstart.

Utan innsatsen frå så mange ville vi ikkje fått dette til. Tusen takk til alle våre dyktige dugnadsfolk.

På tross av ned-stenging og smitteverntiltak:

- 18 arrangement med 1 097 deltakere
- Vedlikehold av 71 km med turløyper
- Bygd ny stor gapahuk ved Kleivvann i Gjerstad
- Stor bruk av våre turløyper
- Totalt utført dugnad dette året: ca. 1 580 timar. (Eller 210 dagsverk)
- Medlemstal: 453

Vi passer på lokale naturverdier og driv turistinformasjon i Risør, Gjerstad og Nissedal

Styrets arbeid

Styret har hatt 2 fysiske styremøte, eit styremøte på e-post og aktiv kommunikasjon på nett gjennom heile året. Til saman 43 saker. Styret valde Ståle Waasjø Øylandsdal som nestleiar. Leiar og nestleiar har deltatt på styremøte i AAT og på synfaring på Randvik saman med AAT, Risør kystlag og Risør kommune. Leiar har deltatt på møter med både Friluftsrådet Sør og med Heimdalsheia og Nissedal stilag.

Uttalar er sendt ang. ny E18 i Risør og Gjerstad, og ang. oppdemming av Gartetjenn i Risør. Styret har brukt mykje tid på arbeid med både aktivitet og anlegg. (Sjå meir om dette seinare i årsmeldinga).

Styret vil takke alle som bidrar til at vi er eit godt lag, der alle samarbeider nært og der vi alltid er opne for gode innspel og idear.

ARRANGEMENTER



Bak frå venstre: Ole Jakob Bråten (leiar i Havrefjell Turlag), Per Kristian Lunden (ordførar i Risør), Helge Wroldsen (styret) og Knut Hagelia (styret). Framme frå venstre: May Yvonne Hjellvik (Barnas Turlag Havrefjell), Rune Aasbø Lystad (styret), Ståle Waasjø Øylandsdal (nestleiar) og Kåre Dalane (dagsturgruppa). Foto Astrid H. Bråten.

For å få til eit fysisk møte, blei årsmøtet i 2021 lagt til kinosalen i Risørhuset i juni. Ordførar Per Kristian Lunden (Risør) kom der med ein stor takk til Havrefjell Turlag og overrekte eit diplom:

«Vi takker Havrefjell Turlag (Risør, Gjerstad og Nissedal) for den store innsatsen dere har lagt ned for turglede og folkehelse i våre kommuner generelt, og spesielt i perioden med korona og strengt smittevern.» Underteikna av: Inger Løite (ordførar i Gjerstad), Per Kristian Lunden (ordførar i Risør) og Halvor Homme (ordførar i Nissedal).

Etter mange avlysingar på våren p.g.a. korona, kom vi på nytt i gong med turane. Vi var nøye med smittevern, avstand og registrering av deltakarar. Dei eldste som først fekk koronavaksine, følte seg først frie til å delta på turar saman med andre.

Mange barnefamiliar tok ikkje sjansen på å bli med på fellestur i år p.g.a. smitterisiko. Vi må derfor neste år satse ekstra på barn og ungdom. Heile 14 arrangement blei i år avlyst. Fleire av dei avlyste turane blir tatt med vidare til turprogrammet for 2022.

Vi vil spesielt takke våre dyktige turleiarar som skapar opplevingar og godt samhald på turane.



*Klatredag i Risørhallen.
Mia Aasbø MacDonald 5 år.
Foto Astrid Haukenes Bråten*




Onsdagstur til Furnusteren i Nissedal. Foto Anne Gunn Østerholt







*Tur til Marishei i Gjerstad
Foto Astrid Haukenes Bråten*







*Gjerstadmarsjen. Her på Lökkollen
Foto May Yvonne Hjellvik*



Dato	Gjennomførte arrangement og turleiarar	Barnas Turlag Havrefjell	Havrefjell Turlag	Frammøte
07.feb	KOM DEG UT DAGEN, Kleivvann i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL. <i>Olav Smestad, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten</i>		HT	400
05.mai	Onsdagstur. Hisåsen i Risør. <i>Tore Fidje, Ivar Fidje</i>		HT	12
19.mai	Onsdagstur. Havrefjell i Nissedal. <i>Anne Gunn Østerholt, Kåre Dalane, Mary Helena Lie</i>		HT	28
01.jun	Kommunetopp-tur. Marishei i Gjerstad. <i>Astrid Haukenes Bråten, Wenche Jacobsen, Ole Jakob Bråten</i>		HT	7
02.jun	Onsdagstur. Hestheia i Gjerstad. <i>Kåre Dalane, Jan Vidar Østerholt</i>		HT	21
25.mai	Kommunetopp-tur. Espehaugen i Risør. <i>Gunhild Konnestad, Ståle Waasjø Øylandsdal, Astrid Haukenes Bråten</i>		HT	13
15.jun	Årsmøte. Risørhuset. (Enkelt møte pga korona). <i>Ansvarleg: Styret</i>		HT	13
16.jun	Onsdagstur. Furenusteren i Nissedal. <i>Torhild Hagen, Gunhild Eikhom</i>		HT	20
18.aug	Onsdagstur. Kveim - Vik i Gjerstad. <i>Mona Hoel, Anders Lunden, Kåre Dalane</i>		HT	24
29.aug	Topptur. Allambergknatten i Nissedal. <i>Tove Urfjell, Leif Inge Urfjell</i>		HT	18
01.sep	Onsdagstur. Solhomfjell i Nissedal. <i>Reidar Malm, Kari Åsne Rye</i>		HT	38
05.sep	KOM DEG UT DAGEN. Randvik i Risør. I samarbeid med Risør Speidergruppe. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal, Lea Krüger, Liv Oda Kristiansen</i>		HT	125
15.sep	Onsdagstur. Landsverk-området i Gjerstad. <i>Mary Helena Lie, Silje Haugen</i>		HT	16
25.sep	Gjerstadmarsjen. Løite skule. Saman med Gjerstad IL. <i>Astrid Haukenes Bråten, May Yvonne Hjellvik, Ole Jakob Bråten</i>		HT	121
29.sep	Onsdagstur. Moskam i Nissedal. <i>Kåre Dalane, Jan Vidar Østerholt</i>		HT	20
13.okt	Onsdagstur. Krokfjella i Risør og Gjerstad. <i>Åse Øygarden, Øystein Øygarden, Mary Helena Lie</i>		HT	28
21.nov	Klatredag. Risørhallen. Saman med Risør Klatreklubb og Risør Basketballklubb. <i>May Yvonne Hjellvik, Ronny Ludvigsen, Astrid Haukenes Bråten</i>			150
23.nov	Turtreff på Dagtid. Dalen Misjonshus i Arendal. <i>Olav Jakob Tveit, Ove Bach, Karin Andersen, Kåre Mogstad, Else-Karin Homme Holstad, Kåre Dalane</i>		HT	43

1 097

Dato	Avlyste arrangement og turleiarar	Barnas Turlag Havrefjell	Havrefjell Turlag
09. feb.	Turtreff på dagtid. Dalen Misjonshus i Arendal. Tema: Med DNT Oslo`s seniorgruppe på blomstringstur til Grimsdalen i Rondane. <i>Ove Bach. Om AAT. Dag Fagermyr</i>		HT
02. mar.	Turtreff på dagtid. Dalen Misjonshus i Arendal. Tema: Valøyene og Hasseltangen – viktige naturområder av Raet nasjonalpark. <i>Ove Bach, Jenny Marie Gulbrandsen</i>		HT
01. apr.	Skjærtorsdags-samling ved Kleivvann i Gjerstad. Saman med Gjerstad IL og Gjerstad Menighet. <i>Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten.</i>		HT
07. apr.	Onsdagstur. Sandtaket i Risør. <i>Bodil Haugstveit Naume.</i>		HT
11. apr.	Sandneshalvøya kulturløype. Sandnes i Risør. <i>Terje Kjeldsen Møller</i>		HT
17. – 18. apr.	Hengekøyetur. Maristjenn i Gjerstad. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal</i>		HT
21. apr.	Klavfjell i Gjerstad. <i>Reidar Malm</i>		HT
06. jun.	Tur på Bispevegen. Vegvisaren i Gjerstad til Vedlausfjell i Nissedal (tur-retur). <i>Mona Hoel, Ragna Lunden, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten.</i>		HT
13. jun.	Sykkeltur. Stolsvassnuten i Nissedal. <i>Rune Aasbø Lystad</i>		HT
18. jun.	Kommunetopp-tur. Førheinutane i Nissedal. <i>Knut Bjørn Skyttemyr, Astrid Haukenes Bråten, Ole Jakob Bråten</i>		HT
17. aug.	Kveldstur i kano. Skarvann i Risør. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal, Helge Wroldsen</i>		
21. – 22. aug.	Natt i naturen. Lille Bråvatn, Felle i Nissedal. Saman med Gjerstad JFF. May Yvonne Hjellvik, Rune Aasbø Lystad		
08. sep.	Opptur til Havrefjell i Nissedal. <i>Ståle Waasjø Øylandsdal, Knut Hagelia, Olav Smestad</i>		HT
14. des.	Dalen Misjonshus i Arendal. Tema: Høsttur til Kvinen i Sirdalsheiene. <i>Ove Bach, Karin Johansen</i>		HT

Styret i Havrefjell Turlag har fleire aktive undergrupper:

- **Barnas Turlag Havrefjell** arbeider med varierte aktivitetar for barn.
- **Dagsturgruppa** har turar på onsdagar kl. 11.
- **Turkomiteen** arrangerer turar og samlar all aktivitet i laget i eit felles turprogram.
- **Anleggskomiteen** arbeider med løyper og andre anlegg.

Oppsummering av onsdagsturane frå Dagsturgruppa

Dagsturgruppa planla Onsdagsturar 2021 på eit møte 29.10.20, og hadde nytt planleggingsmøte i ein gapahuk 23.03.21. I tillegg har det vore mange samtalar og e-postar.

Det har vore eit utfordrande år, med mange koronareglar. Dei to første turane i vår blei avlyste. På dei andre turane har ein frå gruppa orientert om gjeldande smittevernreglar, og turleiarar har ført lister med namn og telefonnummer på turdeltakarane. Listene har blitt sent vidare til Aust-Agder Turistforening. På dei to siste turane trong me ikkje registrere folk.

I vår har me gjennomført fire onsdagsturar og i haust fem turar. Det har vore god stemning på turane, og me har delt mange fine turopplevingar ilag.

Tove Urfjell og Olav Smestad kunne ikkje vere turleiarar på turane til Solhomfjell og Moskam. I staden tok Reidar Malm og Kåre Dalane over ansvaret for turane.

Oppsummering av Onsdagsturar i 2021

Dato	Stad	Turansvarleg	Lengde / tid	Deltakartal	Andre turleiarar	Merknad
07 april	Sandtaket i Risør	Bodil Haugstveit Naume		0		Avlyst pga korona
21 april	Klavfjell i Gjerstad	Reidar Malm		0		Avlyst pga korona
05 mai	Hisåsen i Risør	Tore Fidje	7,5 km / 3 ½ t	12	Ivar Fidje	Skya ver
19 mai	Havrefjell i Nissedal	Anne Gunn Østerholt	10 km / 4 ½ t	28	Kåre Dalane, Åse Øygarden, Mary Helena Lie	Fint ver
02 juni	Hestheia i Gjerstad	Kåre Dalane	9,5 km / 3 ¾ t	21	Jan Vidar Østerholt	Fint ver
16 juni	Furenusteren i Nissedal	Torhild Hagen	7,5 km / 3 ¾ t	20	Gunhild Eikhom	Fint ver
18 august	Kveim/Vik i Gjerstad	Mona Hoel	9 km / 4 t	24	Anders Lunden, Kåre Dalane	Fint ver
01 september	Solhomfjell i Nissedal	Reidar Malm	11 km / 5 t	38	Kari Åsne Rye	Fint ver
15 september	Landsverk-området i Gjerstad	Mary Helena Lie	10 km / 4 ½ t	16	Silje Haugen	Skya ver
29 september	Moskam i Nissedal	Kåre Dalane	5 km / 3 t	20	Jan Vidar Østerholt	Skya ver
13 oktober	Krokfjella i Risør og Gjerstad	Åse Øygarden	7 km / 3 t	28	Øystein Øygarden, Mary Helena Lie	Fint ver

Turdeltakarar og turleiarar

Tilsaman har det kome 207 turdeltakarar. Det gjev eit gjennomsnitt på 23 pr tur! Turdeltakarane kjem i frå (etter deltakartal): Gjerstad, Risør, Tvedestrand, Arendal, Nissedal, Vegårshei, Froland, Kragerø, Grimstad og Bamble. Det er mange nye turdeltakarar både i vår og haust, og mange som kjem att.

Det er 16 turleiarar i stallen vår, frå alle tre kommunane. Stor takk til turleiarane for god innsats frå planlegging til gjennomføring!

Me legg merke til at nokre folk liker turar i skogen best, medan andre vil på ein topp eller ei vidde. Dei aller fleste turdeltakarane er frå slutten av 50 åra til langt ut i 70 åra. Det har kome folk under 45, og nokre over 80 år. Folk som vandrar er spreke!

Marknadsføring

Dagsturgruppa samarbeider med Aust-Agder Turistforening ved Dag N Fagermyr og AAT-turer på dagtid ved Ove Bach, gjennom prosjektet Aktiv i 100.

Onsdagsturane blir marknadsførde på følgende måte:

- felles turbrosjyre for turar på dagtid
- turbrosjyra for Havrefjell turlag
- heimeside og facebook til Havrefjell turlag
- heimeside til Aust-Agder Turistforening
- annonser i Aust-Agder Blad (alle turane)
- Vest-Telemark Blad (turar i Nissedal)
- i Naturlos til Friluftsrådet sør



Dagsturgruppa 2021

Mary Helena Lie, Åse Øygarden, Bodil Haugstveit Naume, Kåre Dalane og Anne Gunn Østerholt (leiar).

Turtreff på dagtid

AAT-turer på dagtid og Onsdagsturane planlegg 5 turtreff til vintaren, på Dalen misjonshus. Meir info kjem etter kvart. Else Karin Homme Holstad og Kåre Dalane møter frå Onsdagsturane i felles Turtreffkomite.

25.10.21 Anne Gunn Østerholt.



Til høgre: Ved Fossen, på onsdagstur til Krokfjella.
Foto Anne Gunn Østerholt



Stor bruk av turløypene

Mange har også i år droppa registrering i turbøkane p.g.a. smitterisiko, og det verkelege besøkstalet er høgare.

Registrerte besøk siste 10 år i topp-bøkane i løypenettet i Gjerstadskogane (Statskog i Gjerstad og Nissedal):

Stad	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Drivheia	1490	7000	1760	172	1070	273	3375	2300	57	2000
Havrefjell	1919	1981	1814	2800	2646	2429	2325	2451	1877	1783
Solhomfjell	727	540	632	883	865	770	967	1058	1156	841
Mjeltenatten	201	200	171	187	208	218	115	150	175	149
Risfjell	278	173	215	232	211	279	189	217	444	291
Totalt:	4615	9894	4592	4274	5000	3969	6971	6176	3709	5064

Årets vinnarar i turbøkane:

Drivheia: Ragna Lunden
Mjeltenatten: Trine Sandland Hagerupsen
Risfjell: Hans Arne Svendsen
Solhomfjell: Harald Stien
Havrefjell: Kittil Felle Slåttekjær

Bøkane har vi i samarbeid med Gjerstad IL. *Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten.*



Turbok-kassene

2 turbok-kasser er blitt måla på nytt av Tove og Leif Inge Urfjell og ei av Astrid H. Bråten.


Til venstre: Måling av kassa på Solhomfjell i Nissedal.

Til høgre: Måling av varde. Begge foto Tove Urfjell




Solhomfjell i Nissedal. Foto Ole Jakob Bråten

Teljeapparata til Friluftsrådet Sør på Havrefjell i Nissedal og Kleivvann i Gjerstad
Vi drifter apparatet som står ved Havrefjell om sommaren, og flytter det til Kleivvann om vinteren. (Tala gjeld passering i ein retning). *Ansvarlege: Astrid og Ole Jakob Bråten*



*Havrefjell i Nissedal om sommaren.
Stort besøk også i 2021.*



*Kleivvann i Gjerstad om vinteren
Tidenes besøk i 2021!*

Registrerte besøk i topp-bøkane til Havrefjell Turlag i Risør siste år:


	2020	2021
Fransåsen	2250	1500
Svegåsen	372	250

Ansvarleg: Ståle Waasjøl Øylandsdal

Teljeapparata til Friluftsrådet Sør på Urheia og Randvik i Risør i 2020

	2020	2021
Randvik	28 264	26 272
Urheia	72 106	39 851

**) Tala for Urheia 2021 er berre for første halvår fram til teljeapparatet havarete 1. juli.*



Skiløypene til Gjerstad IL ved Kleivvann i Gjerstad 2021. På Drivheia. Foto Ole Jakob Bråten

Dugnadsprosjekt

Ny gapahuk ved Kleivvann i Gjerstad



Turlaget har i år fullført bygging av ein universelt utforma gapahuk like under skileikbakken ved Kleivvann. Hit kan du kome til alle årstider. Bygget, som er utforma av Knut Hagelia, ligg like ved skiløypekrysset mot Drivheia. På barmark brukast også området mykje til turgåing. Her kan du trille rett inn med både rullestol og barnevogn. Dette prosjektet, som er leia av Rune Aasbø Lystad, har utløyst stor entusiasme. Veldig mange har stilt opp med bidrag og dugnad.

Grunneigar Jens Martin Marcussen gav gratis tomt og 10 000 kr til bygget. For å unngå for stort inngrep i naturen er gapahuken lagt rett ved bilveg, noko som også gjer det lett å føre tilsyn. Her vil vi ha det søppelfritt, ha godt vedlikehald og ikkje ha bålpyring i tørre årstider.

Etter å ha innhenta to tilbod, engasjerte vi Knut Hagelia som ansvarleg for utforming og bygging av praktbygget. Han fullførte reisverket med uthogde profiler sist vinter. Etterpå har han vist stort engasjement med veldig mange dugnadstimar på tomt og bygg. Han har også fått god faghjelp av Ivar Fidje til snikkararbeidet.

Olav Aage Haugen gav bordplate av ein stor alm som har stått på eiegen til Anne Grethe Preus like ved Frognerparken i Oslo. Knut laga bein til bordplata. Reidar Malm har gitt treskurd til utsmykking av gapahuken.

Totalt er det på prosjektet med gapahuk og skilting i området utført rundt 370 timar med dugnad, i tillegg til innkjøpt arbeid. Vi har fått inn heile 77 650 kr, hatt utgifter på 81 374 og sitt igjen med eit underskott på berre 3 724 kr som må dekkast av turlagets kasse.

Gratis dugnad:

Knut Hagelia – bygg/tomt, golv, benkar og bord.
 Ivar Fidje - bygg/tomt.
 Olav Aage Haugen – bygg/tomt, bord, benk, transport av tømmer og materialar.
 Jakken Haugen - skjering av materialar.
 Rune Aasbø Lystad - leiar for prosjektet, stabling/tørking av materialar, søknad, bygg/tomt.
 Olav K. Aasbø - bygg/tomt.
 Olav Smestad - bygg/tomt, skilt
 Rolf Steen – bygg/tomt.
 Svein Harry Røed - hogst.
 Morten Bråten - utplukk av tømmer.
 Ole Jakob Bråten - gitt gratis tømmer, søknader, budsjett/rekneskap, skilt, plakatar, kart, bygg/tomt.
 Astrid Haukenes Bråten – søknader, budsjett, rekneskap, pengeinnsamling, plakatar, bygg/tomt.
 Jon Inge Øybekk – bygg/tomt.
 Arild Lystad – bygg/tomt.
 Kristen Øybekk – bygg/tomt.
 Håkon Helgesen – bygg/tomt.
 Ellen Hauge – bygg/tomt.
 Ståle Waasjø Øylandsdal – bygg/tomt.
 Jon Ivar Christensen – bygg/tomt.
 Roar Øygarden – vedhogst.
 Bjørn Flåta – vedhogst.
 Trydal Maskin – 3 lass knust grus til tomta.
 Reidar Malm – Treskjering av Odin med Hugin og Munin til å henge på veggen.

Tilskott:

Mange har gitt økonomisk støtte til prosjektet. Vi hadde i februar – mars 2021 ei innsamling til «gapahuk og skilting i området», gjennom ordninga «Lokalverdi» via Østre Agder Sparebank. Dette gav oss 52 650 kr.

Her er samla oversikt over alle pengegåvene:

Gjevar	Kr.
Anonym gåve i 2020	5 000
Jens Martin Marcussen	10 000
Søknad til Statskogmillionen	10 000
Østre Agder Sparebank	10 000
Gjerstad Products AS	10 000
Eurospar Brokelandsheia	10 000
Gjerstad Hus og Hyttebygg	5 000
Sport1 Risør	2 500
Rolf Martin Tønnesen	1 200
Nina Holte	500
Jorunn Øybekk	500
Phillip Marcussen	500
Knut og Sigmund Marcussen	500
Alex Wiik	500
Sissel Mostad Westberg	500
Morten Håland	500
Hege Aasbø	500
Rune Aasbø Lystad	500



Ellen Hauge, Rune Aasbø Lystad og Rolf Steen på dugnad. Foto Ole Jakob Bråten




Bordet i gapahuken. Foto Ole Jakob Bråten

Lars Olav Ulltveit	500
Alf Otto Homdrom	500
Camilla Ordahl Sunde	300
Lise Svendsen	300
Ågot Johanne Aasbø	300
Nils Ivar Vestøl	250
Erling Ausland	200
Daniel Nordheim	200
Jostein Vestøl	200
Linda Reiulfsen	200
Nina De Bartolo	200
Ida Hødnebo	200
Ellen Såghus Winterkjær	200
Stig Yngve Knutsen	200
Sone Valle	200
Kjetil Helgesen	200
Thomas Ertsås	200
Gunnar Fløystad	200
Frida Fred Dørdsal	150
Lillian Håverstad	100
Hanne Nøvik	100
Benedicte Alice Tynes	100
Astrid Haukenes Bråten	100
Ole Jakob Bråten	100
Anonyme gåver i 2021	4 250
SUM	77 650



Nye løypeskilt i området ved Kleivvann 2021



Nye løypeskilt i området

Innsamlinga gjennom lokalverdi var også til skilt i området. Ole Jakob har laga layout med symbol og løypelengder, og vi har kjøpt inn 15 nye skilt i aluminium frå ATL Grafisk i Arendal:

1 skilt til gapahuken og 3 skilt til sommarløypa Kleivvann – Øygardslia – Sletteberg. Alle med logo til Havrefjell Turlag.

Vi har også kjøpt 11 skilt til skiløypa med logo for Gjerstad IL. Olav Smestad har hjulpet til med montering av 2 nye skiltpålar.

Nytt skiløpekart

Ole Jakob har ajourført sporloggar over løypene, lagt inn lokale stadnamn, gitt innspel og lest korrektur til nytt skiløpekart som Finn Pettersen har laga over skiløypene til Gjerstad IL ved Vestøl – Drivheia. Finn har gjort alt på dugnad og sjølv kosta 3 stk. stadion kart i A1-format og 10 stk. i A4-format til å plassere på skiltpålar i løypekryssa. Alle karta er trykt på aluminiumsplater.

Skiløypemelding for Kleivvann

Astrid og Ole Jakob driftar den daglege løypemeldinga på heimesida gjennom heile vinteren.

NY DNT-hytte på Randvik i Risør

Planane er nå at Aust-Agder Turistforening (AAT) snart skal opne ny kystledhytte på Randvik Gård i Risør. Dette vil bli den første DNT-hytta i Havrefjell Turlag sitt område.

Dette er eit stort prosjekt som kan bety mykje positivt for folkehelse, naturglede, turisme, busetting, lokalt næringsliv mm. Hytta vil få god marknadsføring gjennom DNT sine kanalar og bli kjend gjennom heile landet. For å få til alt dette, er vi avhengig av stor lokal dugnadsinnsats frå Havrefjell Turlag i åra framover.



Prosjektet starta med at Risør kommune tok kontakt med AAT, med spørsmål om dei var interessert i å drive kystledhytte i bygningen til den tidlegare Lekeslottet Barnehage, som nå var gått konkurs.

AAT og HT var 31. august på synfaring på Randvik saman med Risør Kystlag og Risør kommune. Etter at styra i både Havrefjell Turlag og AAT var positive til DNT-hytte på Randvik, fylgde Risør kommune-styre opp med eit einstemmig ja til DNT-hytte.

AAT har sett ned eit utval med Svein Hjorth-Olsen, Dag Fagermyr og Ståle Waasjø Øylandsdal som skal arbeide med dette.

Planen er å innreie barnehagebygningen til kystledhytte. Her er det mange rom, kjøkken og fleire bad og toalett. Det er mogeleg med universell utforming av første etasje, og det kan bli overnattingskapasitet til mange. Det må investerast ein del bl.a. til brannsikring.

Utanfor er det leikeapparat, grillhytte og fin uteplass.

Like ved ligg Fredriks hus, der planen er at hyttetilsynet skal bu i sesongen. Dette bygget er i bra stand, har låge dører, gammalt panel og er eit vakkert sørlandshus med sjel. Begge bygga er eigd av Risør kommune. Planen er at AAT skal stå for drift og vedlikehald.

Like ved ligg den gamle låven der Risør Kystlag nå held på med ombygging og restaurering. Dei har planar om allsidig aktivitet. I andre etasje blir det eit stort forsamlingslokale med universell inngang via låvebrua. Kystlaget har også to prammar ved Randvik som kan leigast av folk i sommar-sesongen. AAT vil gjerne samarbeide med Kystlaget, Speidaren og andre lokale organisasjonar.



Synfaring på Randvik 31. august. Frå venstre Ståle Waasjø Øylandsdal, Svein Hjorth-Olsen og Ole Jakob Bråten. Foto Dag Fagermyr.



Fredriks hus. Foto Ståle Waasjø Øylandsdal



Låven til Risør Kystlag



Heile Randvikstangen er naturreservat.

Vestre Randvik er Statleg sikra friluftsområde. Østre Randvik er eigd av Risør kommune og er regulert til friluftsformål. Det er utarbeida skjøtselsplan for både Vestre- og Østre Randvik.

Randvik egner seg spesielt godt til aktivitetar i Barnas Turlag.

Det er fin badestrender på både Vestre- og Østre Randvik. Vestre Randvik ligg spesielt godt skjerma for vëret, og er ein fin plass for folk i pram, kajakk og kano. Der kan du også sette opp telt. Det er innmark og god gangsti mellom Vestre- og Østre Randvik.

Randvik ligg midt i kystleia, dit du kan både padle og seile. Ei hytte her midt mellom DNT hyttene Lyngør Fyr i Tvedestrand og Øitangen på Jomfruland i Kragerø vil gjere det mykje greiare å ferdast på enkelt vis langs kysten.

Det er skilta direkte til Randvik frå Risørvegen ved Trondal. Randvik har god parkering. Hit kan du gå, sykle, padle, ro, seile og køyre i bil.



Randvik Gård ligg like ved den 15 km lange bynære og populære Fransåsenløypa til Havrefjell Turlag. Risørs kultursjef Jorunn Bøe klyppa snora på opningsturen av Fransåsenløypa saman med 200 deltakarar i 2005. Foto Ole Jakob Bråten.



Vestre Randvik. Her feira vi KOM DEG UT DAGEN i 2018 med 300 deltakarar og i koronaåret 2021 med 125 deltakarar.

Foto Ståle Waasjø Øylandsdal.



Østre Randvik. Foto Ole Jakob og Astrid Bråten

Turløypene

Godt merka turløyper blir ein stadig viktigare del av arbeidet for ei betre folkehelse og for å få folk til å trivast i sitt nærrområde. Dette har også hatt høg prioritet frå DNT sentralt. På tross av korona har det også dette året blitt utført mykje dugnad i alle våre 71 km med turløyper.



Fransåsenløypa (12 km) i Risør

Vanleg løypedugnad. *Ståle Waasjø Øylandsdal, Terje Kjeldsen Møller, Rolf Steen, Astrid og Ole Jakob Bråten.*

Løypa til Svegåsen på Barmen i Risør (0,7 km)

Vanleg løypedugnad. *Ståle Waasjø Øylandsdal og Terje Kjeldsen Møller.*

Det går aldri lang tid frå Ståle får inn melding om vindfall i Fransåsenløypa, og til at dugnadsfolk som Terje Kjeldsen Møller rykker ut og ryddar opp med motorsaga. Foto Terje Kjeldsen Møller

Kleivvann – Øygarðsliå – Slettberg i Gjerstad (3,5km)

Vanleg løypedugnad. Nye skilt er kjøpt inn og skal monterast i 2022. *Astrid og Ole Jakob Bråten.*

Bispevegen i Gjerstad (6 km)

Vanleg løypedugnad. *Mona Hoel og Ragna Lunden.*



Løypenettet i Risfjell i Gjerstad (10 km)

Vanleg løypedugnad og montering av fleire nye skilt. *Knut Hagelia og Hallvard Masdalen.*

Løypenettet i Solhomfjell i Gjerstad og Nissedal (16 km)

Vanleg løypedugnad og montering av fleire nye skilt. *Reidar Malm, Kari Åsne Rye, Rune Aasbø Lystad, Knut Hagelia, Kåre Dalane, Gunstein Røed.*

Hallvard Masdalen laga i år 20 nye skilt til oss, og tok berre betalt for materialar og ovatrol. Ein stor takk!

Villmarksløypa Sandtjønn – Uvdalen – Felehovet på Gautefallheia i Nissedal (23 km)

Vanleg løypedugnad. *Astrid og Ole Jakob Bråten.*



Uvdalen i Nissedal 2016. Foto Ole Jakob Bråten.

Nye løypeprosjekt

Garte-området i Risør

Ståle er i kontakt med lokale grunneigarar for å få lov til å merka eit løypenett ved Garte. Planen er å merke der i 2022.

Gjerstadskogane – løyper der Havrefjell Turlag vil ta ansvar

- **Krigsminnestien** (Torbjørnsli – Sjølvskottjenna – Markset). (Blåmerka av Havrefjell Turlag og Gjerstad Historielag i 2012).
- **Marksettjenna til Markset og tilbake til Krigsminnestien ved Øvre Eikkleiv.** (Blåmerka av Jostein Vestøl). Dette blir saman med Krigsminnestien ei rundløype.
- **Drivheia:** Turlaget undersøker om vi får til ei barmarks-løype på Drivheia.
- **Kasse med turbok på Marishei.** Linda Reiuelsen foreslo i 2019 at vi skulle sette opp kasse med turbok på Gjerstads høgaste topp Marishei. Dette blei utsett pga koronaen. Statskog er positiv. Kåre Dalane foreslo at vi skulle sette opp kommunevåpenet for Gjerstad ved kassa. Vi jobbar med søknader og håper å kunne merke, skilte og sette opp kasse til våren.

Løypeavtalar med Statskog.

I samband med tiltaket ovanfor på Marishei viste det seg at mange løyper manglar skriftlege løypeavtalar med Statskog. Vi arbeider for å få dette på plass nå.

Havrefjell Turlags nåverande løypeansvar

Liste over personar med løypeansvar:

Løypeansvarleg	Km	Løype / strekning	Kommune
Ståle Waasjø Øylandsdal	12	Fransåsenløypa	Risør
Ståle Waasjø Øylandsdal	0,7	Svegåsen	Risør
Astrid og Ole Jakob Bråten	3,5	Kleivvann - Øygardslia - Slettberg	Gjerstad
Mona Hoel og Ragna Lunden	6	Bispevegen	Gjerstad
Knut Hagelia	10	Løypenettet i Risfjell	Gjerstad
Knut Hagelia	5	Branntårnet på Solhomfjell - Lille Karistjenn - Stemtjennbekken	Nissedal/ Gjerstad
Reidar Malm og Kari Åsne Rye	4	Stemtjennbekken - vest for Marishei	Gjerstad
Rune Aasbø Lystad	3	Bjynnsteinen - Branntårnet på Solhomfjell - Fellesstigen	Nissedal/ Gjerstad
Kåre Dalane og Gunstein Røed	4	Lille Karistjenn - Uvdalsvatnet	Nissedal/ Gjerstad
Astrid og Ole Jakob Bråten	23	Sandtjønn - Uvdalsvatnet - Felehovet	Nissedal
	71		

Informasjon

Turlaget satsar stort på god informasjon:

Facebook Havrefjell Turlag

Heile 210 oppslag er i 2021 lagt ut. Heile 1 888 personar følgjar sida. *Dei fleste oppslaga er lagt ut av Ståle Waasjø Øylandsdal og nokon er lagt ut av Astrid Haukenes Bråten.*

Facebook Barnas Turlag Havrefjell

26 oppslag i år. 303 personar følgjer sida.

May Yvonne Hjellvik, Ståle Waasjø Øylandsdal, Astrid Haukenes Bråten.

Heimeside Havrefjell Turlag

Diagram som viser besøk på heimesida gjennom heile 2021. (Flest besøk når det er skiføre.):



47 oppslag er lagt ut i år. I tillegg er alle aktivitetar lagt ut. Vi har i 2021 registrert heile 36 342 besøk av totalt 13 607 unike brukarar på heimesida siste år. Det mest leste oppslaget er den daglege skiføremeldinga frå Kleivann. *Astrid og Ole Jakob Bråten.*

Oppdatering av UT.no *Utført av Ståle Waasjø Øylandsdal og Knut Åkredalen*



Turprogram 2021

Turprogrammet blei trykt av ATL Grafisk i 2 000 eksemplar. Programmet blei sendt i posten til våre medlemmar, sett ut på oppslagstavler og lagt ut ein del stader i vårt område. *Ansvarleg: Turkomiteen. Utsending: Astrid og Ole Jakob Bråten.*

Naturlos-brosjyren frå Friluftsrådet Sør

Turane blei også trykt i Naturlos-brosjyren, som blei sendt ut til alle husstandar i Aust-Agder og i Nissedal. *Ansvarleg: Turkomiteen.*

Lokal turistinformatjon i våre 3 kommunar

Vi svarer på veldig mange spørsmål om lokale turmål og formidlar sal av lokale turbøkar og kart.

Massemedia

Vi har hatt oppslag i Aust Agder Blad, Kragerø Blad Vestmar, Agderposten, Vest-Telemark Blad, igjerstad.no og irisor.no. Vi annonserer turane i Aust Agder Blad og i Vest-Telemark Blad.

Vi har veldig mange å takke!

- Takk til AAT, DNT, kommunane, private grunneigarar og Statskog.
- Takk til alle organisasjonar og firma som vi samarbeider med.
- Takk til alle som i år har deltatt i dugnad for Havrefjell Turlag.

Mål

- Vårt viktigaste mål er å få med oss fleire barn og unge ut på tur. Vi vil derfor profilere oss betre blant yngre og prøve å få fleire unge og barneforeldre til å engasjere seg i turlaget.
- Vi bør få fleire aktivitetar i nordre del av Nissedal. Det er der vi har nesten alle medlemmane i denne kommunen.

Tillitsvalde i Havrefjell Turlag 2021

Leiar: Ole Jakob Bråten

Styremedlemmer: Ståle Waasjø Øylandsdal, Rune Aasbø Lystad, Fredrik Gjernes Stebekk og Lea Krüger.

Varamedlemmer: Helge Wroldsen og Knut Hagelia.

Valkomit : Anne May Fiskebekk (leiar), Hanne N vik og Magnus Hovet.

Revisor: Leif Inge Urfjell.

Styret valde St le Waasjø Øylandsdal til nestleiar, Helge Wroldsen til sekret r og Astrid Haukenes Br ten til kasserar.

Styret har f lgjande underutval:

Turkomit :

St le Waasjø Øylandsdal (leiar), Tove Urfjell, K re Dalane, May Yvonne Hjellvik, Lea Kr ger og Ole Jakob Br ten.

Anleggskomit :

Helge Wroldsen (leiar), Svein Rosland, Olav Brokeland, Knut Hagelia, Ole Jakob Br ten, St le Waasjø Øylandsdal og Rune Aasbø Lystad.

Barnas Turlag Havrefjell

May Yvonne Hjellvik (leiar) og Magnus Hovet.

Dagsturgruppe: Anne Gunn Østerholt (leiar), K re Dalane,  se  ygarden, Mary Lie og Bodil Haugstveit Naume.

Barn, ungdom og barnefamiljar

Havrefjell Turlag og Aust-Agder Turistforening vil framover legge vekt p  betre profilering mot dei unge.

Medlemsbladet Austheiene kom derfor i  r med meir stoff om yngre menneske, der Havrefjell Turlag hadde fleire bidrag.

Takk til Ellen, Hermann og Johanne Bakke som ville dele turglede med oss alle i Astrid H. Br tens artikkel i dette bladet. Bildet til h gre er fr  idylliske Kvenntjonnane i Nissedal, og er tatt av Ellen Bakke.

Vi er sv rt takknemlege dersom du vil sende oss tekst og foto om yngre p  tur, som vi kan offentleggjere.

Målet er ogs    f  inn fleire yngre folk som b de turleiarar og tillitsvalde.

